

Kraftreglement for Vinje kommune

1 Føremål med reglementet

Kraftreglementet skal gi rammer og retningslinjer for kommunens forvaltning av konsesjons- og særavtalekraft, og lette framtidig budsjettarbeid. Avtale(r) om forvaltning av kraft skal utførast med bakgrunn i reglementet. Reglementet utgjør ein samla oversikt over dei rammer og grenser som gjeld, og underliggende fullmakter/instruksar/rutinar er heimla i dette dokumentet. Reglementet gjev retningslinjer for kjøp av kraft til eige forbruk.

2 Gyldigheit

Reglementet skal reviderast ved behov og når det har oppstått vesentlege endringar i føresetnader som ligg til grunn for dette reglementet.

3 Ansvars- og oppgåvefordeling

Fylgjande ansvars- og oppgåvefordeling gjeld innan forvaltning av konsesjons- og særavtalekraft:

- Kommunestyret godkjenner kraftreglementet, medan formannskapet får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar.
- Formannskapet skal gi råd i alle kraftrelaterede saker, også til saker som ikkje er styrt av dette reglementet.
- Rådmann har fullmakt til å inngå avtaler i tråd med gjeldande vedteke kraftreglement.
- Rådmann skal fylgje opp inngåtte avtaler for handel av kraft. Dette inneber mellom anna:
 - Sikre at sikrings- og risikorammer vert halde.
 - Operativt ansvar for handel av til ei kvar tid gjeldande kraftmengde.
 - Forhandle og velje kraftforvaltar til praktisk gjennomføring av forvaltninga.
 - Ansvar for å ta posisjonar innanfor dei rammer som er regulert i dette kraftreglementet.
- Ved rådmannens frávær ivaretakast delegert ansvar av stedfortredar.

4 Rapportering og rekneskap

Rådmann skal rapportere til formannskapet om utviklinga av kraftforvaltninga i tråd med anna kommunal rekneskapsrapportering. Det inneber ein stutt rapport over utviklinga i marknaden i tertialrapporteringane og i teknisk sluttjustering av budsjettet kvart år.

5 Budsjett

Budsjett for kraftinntekter og utgifter vert sett opp i samråd med forvaltar, og justerast i samband med tertialrapporteringar og teknisk sluttjustering av budsjettet når det er naudsynt.

6 Kraftportefølja

Vinje kommune er samla tildelt 305 GWh konsesjonskraft, og av dette går ca 145 GWh til alminneleg forsyning innanfor kommunen sine grenser. Lovverket seier at primærkommunane disponerer konsesjonskraft til å dekke forbruket til alminneleg forsyning innanfor kommunen sine grenser. Det overskytande vert tildelt fylkeskommunen. Sjå vedlagt kraftnotat for meir detaljar.

7 Samarbeidsavtale og tidshorisont for avtale

Rådmann har fullmakt til å inngå ei samarbeidsavtale med kraftforvaltar i tråd med gjeldande kraftreglement innanfor ein tidshorisont på 3 heile kalenderår fram i tid rekna frå dags dato. Lengda på avtale utover dette og vesentlege avvik i høve til kraftreglementet, må handsamast i kommunestyret.

8 Prinsipp for kraftforvaltninga

Kjøp til eige forbruk

Den aktøren som kommunen vel som kraftforvaltar har høve til, i tråd med inngått samarbeidsavtale, å levere kraft til kommunens egne bygg på konkurransemessige vilkår og med avgrensa risiko. Forbruket i egne bygg er ca 12 GWh.

Finansiell prissikring - ved forvaltaravtale

I NordPool Spot er risikoen for prisvariasjonar frå år til år stor, og verdien av kommunens finansielle sal vil svinge i takt med slike prisendringar. Prissikring i den finansielle kraftmarknaden vil redusere prissikringen og skal nyttast til å etablere føreseielege prisar for delar av salet av konsesjonskrafta i NordPool Spot, samstundes som dette vil forenkle budsjettarbeidet for kommunen det påfølgjande året. Sikringsstrategi nemnt i neste avsnitt omhandlar reglar for dette sikringsarbeidet.

Sikringsstrategi og rammer - ved forvaltaravtale

Forvaltning av konsesjonskrafta skal sjåast i eit fire års perspektiv (økonomiplanperioden) frå siste årsskifte, med årleg rullering. Dette medfører at det berre kan gjerast prissikringar for inneverande år samt tre år fram i tid.

I høve til kommunens ynskje om føreseielege inntekter frå konsesjonskrafta skal kommunen vedta ein sikringsstrategi / forvaltningsmodell med mål om å gi kommunen ei god og stabil inntekt. Kommunen skal ha høg grad av prissikring for inneverande år, medan dei neste 3 åra kan ha gradvis lågare sikringsgrad.

Kraftmarknaden er i stadig endring, og det skal vera ein løpande dialog mellom kommunen og forvaltar om kva for sikringsstrategi som til ei kvar tid passar best for å oppnå målet om ei god og stabil inntekt. Når kommunen inngår ei forvaltningsavtale skal det utformast eit forvaltningsdokument som skildrar vedtatt sikringsstrategi og forvaltningsmodell(ar) for avtaleperioden. Vedtatt sikringsstrategi skal vera i samsvar med kraftreglementet.

Prisen på finansielle sikringshandlar skal vera basert på dei til ei kvar tid gjeldande prisar på NASDAQ OMX, og gjeldande valutakursar. Handel på børsen skjer i euro, medan kommunen skal ha oppgjær i NOK. For å minimere valutarisiko skal forvaltar gjera valutasikringar på kommunens vegne.

Rapportering, informasjonsmøte, garantistilling og økonomisk avrekning – ved forvaltaravtale

Kraftforvaltar skal utover punkta som er nemnt i avsnitt om «sikringsstrategi og rammer» bidra med fylgjande:

- Vera aktør på vegne av kommunen i den finansielle kraftmarknaden NASDAQ OMX.
- Stille garanti i den finansielle kraftmarknaden NASDAQ OMX.
- Vera aktør på vegne av kommunen på den fysiske kraftmarknaden NordPool Spot.
- Vera kommunens fullmektig i høve til rettar og plikter ovanfor konsesjonærene.

- Rapportere løpande til kommunen med sluttsetel på alle finansielle prissikringar av kraft og valuta.
- Rapportere månadleg sikringsgrad og utviklinga av årleg prisprognose, målt mot avtalte referanseprisar.
- Rapportere månadleg resultat av fysisk uttak av kraft.
- Rapportere om utviklinga i kraftmarknaden kvar veke.
- Arrangere informasjonsmøte om kraftmarknaden for kommunen på førespurnad eller minimum ei gong per år.
- Sørge for mottak, kontroll og betaling av innkomne fakturaer frå konsesjonærane, og månadleg utbetaling av netto oppgjer til kommunen.
- Kunne tilby kurs for å styrke kompetanse på førespurnad.

9 Ord og uttrykk

NordPool Spot: Ein nordisk kraftbørs for fysisk omsetjing av elektrisk kraft for kommande døger. NordPool Spot er eigd av NASDAQ OMX.

NASDAQ OMX: Ein elektronisk kraftmarknad som kan nyttast til finansiell prissikring av sal, kjøp og trading av elektrisk kraft i euro. NASDAQ OMX er ein marknad som stiller framtidige prisar utover kommande døger.

Finansiell avtale: Ved finansielle avtaler skjer det ikkje noko fysisk utveksling av kraft mellom partane i avtala, men det blir inngått ei avtale om ein bestemt pris for ei bestemt kraftmengde på eit bestemt framtidig tidspunkt (prissikring).

Clearing: I praksis betyr clearing at den sentrale motparten (NASDAQ OMX) går inn som motpart til både seljar og kjøpar, og garanterer for oppgjeret mellom partane.

Risiko: I kraftmarknaden er det ulike typar risiko, og dei viktigaste er:

- a) **Prisrisiko**
Risikoen for prisvariasjonar i kraftmarknaden er stor samanlikna med andre råvaremarknadar, og verdien av kommunens konsesjonskraftmengde vil derfor kunne svinge i takt med slike prisendringar. Kommunen er såleis utsett for prisrisiko. Prissikring i den finansielle kraftmarknaden, NASDAQ OMX, vil redusere denne risikoen.
- b) **Volumrisiko**
Kommunens konsesjons- og særavtalekraft er utan volumrisiko, då konsesjonskrafta er fordelt til kommunen med eit fast volum i tråd med gjeldande lovverk og retningsliner for konsesjonskraft.
- c) **Motpartsrisiko**
Bruk av standardiserte kraftkontraktar på NASDAQ OMX som clearast via NASDAQ OMX reduserer usikkerheita om i kva grad motparten kan eller vil oppfylle forpliktingane sine. Alle aktørar på NASDAQ OMX må stille garantiar og betale clearinggebyr for å sikre at oppgjeret blir ivareteke.
- d) **Områderisiko**
Oppgjeret for ein sikringshandel hjå NASDAQ OMX skjer mot ein systempris (gjennomsnittspris for alle område), medan det faktiske oppgjeret for fysisk eller finansielt sal av kraft skjer i høve til områdeprisen der dei aktuelle kraftverka ligg (NO2 for Vinje kommune). Skilnaden mellom systempris og områdepris utgjer ein områderisiko. Område-prissikring i den finansielle kraftmarknaden, NASDAQ OMX, vil redusere denne risikoen.